

Sogndal, 10.11.15

Ikkje offentleg

Klage på vedtak om oppheving av gratis skuleskyss - kommentarar til fylkesdirektøren sine kommentarar til vår klage.

Syner til dykkar vedtak om oppheving av tidlegare vedtak om gratis skuleskyss, datert 0810115 og vår klage sendt 2110110.

Syner til dykkar nye brev datert 041115 – som eg oppfattar som ein kommentar frå dykk før oversending av klagen til fylkesutvalet som klagenemnd. Mottok dette 071115.

Når de sender denne kommentaren til meg må eg kunne imøtegå den.

Fylkesdirektøren presiserar i kommentaren at de legg til grunn at «skuleveg skal reknast frå dør til dør etter farande veg».

Slik oppfattar også me det er og bør vere – og slik har me målt når me har målt avstanden.

Me legg til grunn at det skal vere veg - ikkje skogbotn/sti, ikkje over private tun – og det skal vera brøyt i tide vintertid til gangeturen må ta til halv sju om morgon med retur halv fire ettermiddag. Elles er det i fylgje dykk ikkje definert som farande veg.

De skriv vidare fylgjande:

«For at ein veg skal vere farande, er det ikkje krav om at det skal vere gatelys eller fortau. Fylkeskommunen har vore i kontakt med Mesta som brøyter gangvegen Sogndal- Kjørnes, og dei opplyser at dei skal starte å brøyte når det er 3 cm snø. Strekninga skal vere ferdig brøyt til kl.06.00. skal difor ikkje måtte gå i riksvegen pga mykje snø på strekningar der det er gang –og sykkelveg.

Fylkesdirektøren vurderar Loftesnesbrua som farande veg så lenge det ikkje er skilta forbode for mjuke trafikkantar å ferdast på brua.

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment og held fast på omgjeringsvedtaket av 081015.»

Eg har budd på Kjørnes i 25 år og sendt barn til skulebussen i snart 20 år. Eg trur Mesta vil ha store problem med å påstå og dokumentere at gang –og sykkelvegen Kjørnes –Sogndal er ferdig brøyt til 06.30 når det er påkrevd – det tidspunktet barna og ungdommane med skulestart 08.00 må gå der. I fjor vinter heldt eg nøye auge med både tidspunkt og kvalitet på både den kommunale brøytinga på fortau/veg inne på feltet og Mesta si brøyting på gang –og sykkelveg. Det eg såg der kan ikkje definerast som brøyt veg, fortau, gang -og sykkelveg til 06.30. Det er uinteressant for ungdommane

på Kjørnes om Mesta «startar brøyting» (dykkar uttrykk) klokka 06 så lenge gang- og sykkelvegen og brua dei må gå ikkje er brøyt og framkommeleg for fotgjengarar til det tidspunktet dei må gå der.

Me registrerar at fylkesdirektøren legg til grunn at Loftesnesbrua er farande veg så lenge det ikkje er skilta forbode for mjuke trafikkantar å ferdast på brua.

Mitt poeng var at ein i tillegg til lengda og tilhøva elles på denne skulevegen no skal inn i ein hektisk bygge og anleggsperiode på denne brua som vel alle er samde om er farleg for alle mjuke trafikkantar?

Er det då ynskjeleg og vurdert som klokt og ansvarsfullt frå fylkesdirektøren at barn og ungdommar frå Kjørnes skal gå på den frå rush tida sju-halv åtte tida om morgonen med retur i rush tida om ettermiddagen?

Eg meiner framleis at det er uansvarleg av fylkesdirektøren å legge opp til denne trafikken av mjuke trafikkantar – og meiner framleis vurderinga av eventuell oppheving av tidlegare vedtak om gratis skuleskyss Kjørnes -vidaregåande bør utsetjast til etter at Loftesnesbrua er ferdig utbygd – også for dei som fylkesdirektøren finn ikkje har 6 kilometer avstand/manglar nokre få meter.

Ber om at min klage og desse kommentarane blir lagt ved klagen til klagenemnda.

Venleg helsing

Olaug Marie Bjelde

Tjødnali 34, 6856 Sogndal